

1 **Forslag U1:**

2 **Vassdragsnatur i fare**

3 **To tredeler av vassdragsnaturen er allerede bygd ut. Det er**
4 **på tide å ta vare på restane.**

5
6 Kva er det som skjer med norsk natur? Vassdraga våre, sjølv symbolet på norsk natur, gode
7 rasteplassar, fiskeplassar, hekkeplassar, gyteplassar, spanande juv, imponerende fossestryk og
8 idylliske kulpar, blir år for år litt mindre fantastiske. Og det er vi sjølv, som straumkundar, som
9 betaler for rasinga av norsk vassdragsnatur.

10
11 Ideen om «grøne sertifikat», ei støtteordning for å få etablert nye fornybare energikjelder, samla
12 mykje støtte når han blei lansert, også frå Naturvernforbundet. Vi treng fornybar energi når vi skal
13 fase ut den fossile. Problemet er at den subsidieordninga som blei etablert i Noreg i 2012 ikkje er
14 særleg grøn; ordninga representerer i praksis berre støtte til tradisjonell vasskraftutbygging. Og
15 resultatata let ikkje vente på seg. 434 småkraftverk er i drift i Noreg, heile 666 småkraftverk ligg til
16 konsesjonsbehandling, i tillegg til om lag 300 større kraftverk. Samla vil dette føre til enorme inngrep
17 i sårbar norsk natur.

18
19 For sjølv om kvart enkelt småkraftverk ikkje alltid har så store konsekvensar, så ser vi no stadig betre
20 at summen av alle utbyggingane gir store skadar. Det er ikkje berre medlemmene i
21 Naturvernforbundet som bør vere uroa for at over 300 trua arter i Noreg lever i ferskvatn. Når
22 bekkekløftane, fossesprøytsonene og elvedelta blir borte, blir desse artane også borte.

23
24 Men vi mistar meir. Motivasjonen for å byggje ut vasskraft er at ein utbyggjar skal tene pengar. Men
25 kva er verdien av ei levande elv gjennom ei bygd. Kan denne verdien målast i kilowatt, kroner, trivsel,
26 turisme eller kilo fisk, og for kven? Kven veit når nok er nok i forvaltninga av norsk natur. Har vi rett
27 til å forvalte all vassdragsnatur ut frå våre eigne økonomiske motiv? Har vi samvit til å ta frå
28 kommande generasjonar opplevinga det er å sjå ein vårflom nedover fjellsidene i fjordane våre.

29
30 Om sju år er ordninga med grønne sertifikat over. Naturvernforbundet har eit håp om at neste steg i
31 norsk kraftpolitikk vil vere å heller satse på den krafta som ikkje blir bygd ut. Ei satsing på
32 energisparing eller energieffektivisering vil både spare natur, klima og lommeboka

33
34 I mellomtida må vi krevje at NVE avslår de mest kontroversielle konsesjonssøknadene som er under
35 behandling, dei som er på lista til Naturvernforbundet over dei mest verneverdige vassdraga i landet.

36
37 *Forslagsstillar: Øystein Solevåg, LAS-representant frå Møre og Romsdal*
38 *Fråsegn sendast til: dei politiske partia v/partileiar*
39

DISSE ELVENE MÅ IKKE BYGGES NED!

Naturvernforbundet presenterer her tolv av de siste større vassdragene med store verne- og opplevelsesverdier, som alle er direkte truet av utbygging. Nå haster det! Innen få år kan disse vassdragene være utbygd, men vi har ennå en sjanse til å redde de unike elvene.

